

## ÅRSMELDING 1984 FOR VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

På årsmøtet til Valdreskvelven spel- og dansarlag 18. januar 1984 møtte 19 av medlemmene - ein frammøteporsent på 50! Dei valde dette styret for 1984:

Leiar	:	Nils Rogn	1985
Nestleiar	:	Knut Skeie	
Kasserar	:	Kari Hagaseth	P.V.
Skrivar	:	Birger Bøe	P.V.
Styremedlem	:	Steinar Grøv	
Varamedlem	:	Nils Leine og Elisabeth Sparstad	

Revisorane våre - Knut Hemsing og Arvid Jac. Myhre - vart attvalde. Ny valnemnd vart Mona Bjertnes, Kari-Birgit Lien og Ola O. Wangensteen.

Styret har i meldingsåret hatt fem styremøter. Medlemmene har fått tilsendt to rundskriv med informasjon om våre aktivitetar. Ved årsskifte hadde laget 52 betalande medlemmer - ein tilvekst på 14 frå året før.

Arbeidsåret vart starta med rundkast! Helga 13. og 14. januar var det nemleg stor samling av laudsansinteresserte på Liatoppen i Torpo hjå stordansaren Knut Buseth. Initiativet til samlinga kom frå sekretæren i Lfs, Ingar Ranheim, og hallingen Torstein Gjeldokk. Her fekk me gjennomgått dansen grundig både historisk, teoretisk og ikkje minst praktisk. Underteikna nytta høvet til å få ei lærerik dansehelg, og tok med familien over åsen.

I januar var det også stor kulturmönstring på VBU etter initiativ frå NRK-Oppland. Her deltok Valdreskvelven med fleire samansetningar, og i radioprogrammet etterpå fekk me med valsen "Dæ æ kji flöttande rå, dæ æ kji kvinnfolk å få!"

Januar baud også på folkemusikkseminar på Valdres Folkemuseum i samband med årsmøtet i Norsk Folkemusikkklag. Her hadde me med seks deltakrarar.

Fyrste helga i februar skipa me til spel- og dansefest på Hugali pensjonat. Alle spel- og dansarlaga i Valdres var inviterte, og 70 møtte fram.

Knut Buen vitja laget 10. mars. I tillegg til fela hadde han med eit større lysbildeprogram. Me fekk såleis oppleva Telemarkstradisjon både i bilder, ord og tonar. Men også Valdresmusikk fekk me oppleva denne kvelden. Elisabeth Kværne og Håkon Asheim gav oss gode døme på vår eigen kulturarv, ved musikk på langeleik og fele.

PÅ lokalkappleiken i Etnedal 31. mars var me godt representerte. I lag spel vart det ein 2. premie, og elles var fleire av våre utøvarar frampå med gode innslag både i spel og dans.

Kurs sto også på programmet i vårsemesteret. Trygve Bolstad tok seg av hardingfelespilarane, og av dei var det heile 16 som var meir eller mindre innom. Torader-interesserte fekk også tilbod om kurs, og Arne Hagerup lærte bort sine kunster til seks spelarar.

Laget hadde elles fleire speloppdrag utover våren. Nemnast kan her speling på årsmøte i Vang Mållag, dansespel på teaterkveld på Åsvang, kulturkveld i Høre, årsmøte i Handelslaget, møte i pensjonistlaget og på 10-års jubileet åt Vang Pensjonistlag.

Ved jonsokleite var det landskappleik i Odda, og der deltok tre av våre hardingfelespilarar. Dei var med i lagspelkonkurransen med eit samansett Valdreslag, og 2. premie vart resultatet.

Rett etter landskappleiken kom det triste bodskapet om at nestleiaren vår, Knut Skeie, brått var død, berre 40 år gamal. Ufatteleg var det at Knut som var så levande interessert i alt som hadde med folkemusikk og -dans og gjere, ikkje lengere skulle vere med oss. Det er eit sårt sagn som det tek tid å lækje.

Også Torgeir Havro og Berit Rogn gjekk bort dette året - det tek til å tynnast blant spelemenn i Vang. Torgeir var ein særslig allsidig folkemusikar, og sat inne med mykje musikktilfang frå Vang. Han meistra både fela og langeleiken såvel som salmetonar og skjemteviser. Berit var ei av dei få kvinnene som visste å bruke fela, og få er ikkje dei bryllaup og tilstelningar ho mana dansarane fram på golvet. Me lyser fred over minnet til Knut, Torgeir og Berit.

Også i år hadde me ansvaret for dansespel på Jørn Hilme stemnet sundagkvelden. Spelemenn frå laget har elles spelt ved eit par vigslar og under Markensdagen.

Så sto hausten og nye tiltak for døra. Felekurs måtte me ha, og no var det Andris A. Dahle som var lærermester. I alt 14 har vore med og spelt dette haustsemestret. Kurs vart det også i hallingdans - dvs. berre fem gutar under 14 år møtte fram, og me hadde såleis ikkje krav på statsstønad. Men dansing vart det lell, og seks kveldar er avvikla.

Medlemsfest skipa me til 6. oktober på Haukåsen. Omlag 35 møtte fram. Same helga var det kvedarseminar i Etnedal, og ein frå laget var med der. På spel- og dansefest i Øystre Slidre helga etter var det berre to herifrå som hadde høve til å reise.

Utover hausten har me skipa til fire spel- og dansekveldar på Åsvang. Jamt over har det vore mellom 30-40 innom på desse kveldane.

Sundag 16. desember var me med Fjellblom Musikklag og arrangerte konsert på Åsvang. Fire særslig dyktige svenske jazzmusikarar hadde teke den lange turen frå Malmø til Slidre og Vang. Dei kalla seg "Prime Time", og dei gav oss minst ein prima time med musikk. Andris A. Dahle og Ola Norvall Hagen spelte to låttar i lag før dansen slapp laus.

All i alt har det vore eit godt arbeidsår i laget. Me slit ikkje med därleg økonomi, og medlemmene er ikkje redde for å ta eit tak når det trengst.

Øylo 13. januar 1985

Nils Rogn

Årsrapport jan 1985

18 frau møtte